Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Veving

Oppskr. av: O. Selnes

(adresse): H. Langhellesveg 4. Trondheim.

Fylke: Sør-Trøndelag

Herad: Snillfjord.

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Gunhild Klungervik. ca 75 år. Y. Snillfjord. bondekone.

SVAR

1. Til dressty var det vadmel, vove med 3 skaft, vanlegvis.
Til underbukser og undertrøyer var det ty vove med 3 eller 4 skaft.
I gamal tid var både renning og innslag av ull. Seinare var halvullty vanleg.
Til underskjorter var det lin til finare bruk, og strie til kvardagsbruk.

2. Kjolestoffet kunne vere av heilull, vove med 3 eller 4 skaft.
Halvull-kjoler var og vanleg. Da brukte dei lin til renning.

3. Det kunne vere halv- eller heilullty.
Det kunne vere linty, og for mannfolka strie.

4. Dette er ukjend her.

5. Laken til underlag var gjerne halvullty, vove med 4 skaft.

9745

Putevar kunne i gammel tid vere vove av lin.

6. Serviettar var ikkje i bruk her.
Dukane var av lin.
Dei var vovne som dreielsvevnad eller oddvevnad.
Heildreiel hadde 8 skaft, halvdreiel hadde berre 4.
Det var og noko dei kalla for ringvevnad.

7. Det var av lin, vove som linty elles.

8. Dei snakka om tjukkåkle og halvtjukkåkle. Dei var vovne med 10 og 17 skaft.

II

Ein veit av eit mønster som heiter byggkornmønster.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING